



Til leiar for helse og omsorg i
kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristin Skogli, 5764 3174

Rapportering av barn under 18 år med langtidsopphald i kommunal helse- og omsorgsinstitusjon

I brev frå Helsedirektoratet til fylkesmennene har vi fått i oppdrag å samle inn rapport om kor mange personar i alderen 0- 17 år som er innlagt på langtidsopphald i institusjon i dykkar kommune. Det skal etablerast ei årleg rapportering på dette. Det er ikkje så mange kommunar dette gjeld, men vi vil ha svar frå dei som ikkje har slike bebuarar også.

Målgruppa for kartlegginga er alle i aldersgruppa 0-17 år som er i langtidsopphald i institusjon og som ønsker eit anna butilbod . «Institusjon» er her definert som sjukeheim eller aldersheim etter forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav c og d. Teljinga gjeld born med opphald i alders- og sjukeheim. Kartlegginga omfattar **ikkje** born med opphald i barnebustadar.

1. Kor mange personar i alderen 0-17 år kommunane har som pr. 31.12.2018 var skrive inn for langtidsopphald i institusjon.
2. Kor mange av desse som ønskjer eit anna butilbod.
3. Deira alder og tidspunkt for innflytting i institusjonen.
4. Kva planer kommunen har for flytting av disse personane.

Vi ber dykk om å fyller inn det Excel-tabellen som ligg ved og sende det elektronisk til fmvlpost@fylkesmannen.no innan **16. oktober 2019**.

Med helsing

Linda Svori
seksjonsleiar

Kristin Skogli
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent